

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Jostedalsbreen nasjonalparksenter i Oppstryn  
**Dato:** 24.04.2017  
**Tidspunkt:** 10:30 – 15:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Einar Målsnes	Medlem	Balestrand
Oddmund Klakegg	Medlem	Jølster
Sven Flo	Nestleiar	Stryn
Jarle Aarvoll	Medlem	Sogndal
Marius Dalin	Medlem	Førde

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Karen Marie Hjelmeseiter	Medlem	SF Fylkeskommune
Ivar Kvalen	Medlem	Luster
Venke Kollbotn	Medlem	Gloppen

## Følgjande varamedlemmar meldte forfall:

Namn	For
Marit Aakre Tennø	Ivar Kvalen
Odd Atle Stegegjerdet	Karen Marie Hjelmeseiter

**Merknader:** Grunna kort varsel vart ikkje vara for Luster eller for Gloppen kalla inn av sekretariatet. Ny, dagleg leiar for nasjonalparksenteret, Mari Jacobsen, var med på delar av møtet.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Maria C. Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar og sekretær
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn Jostedalsbreen

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

\_\_\_\_\_ Sven Flo \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_ Einar Målsnes \_\_\_\_\_

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 8/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 9/17	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 10/17	Orienterings- og drøftingssakar		
ST 11/17	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til motorisert ferdsle og restaurering/oppgradering av driftevegen til Storesetra - Erdalen beitelag		2016/4136
ST 12/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterløyve og vidareføring av eksisterande snømålar i Oldedalen - Statens vegvesen		2016/3496
ST 13/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til landing med helikopter ved Skålabu 2017 - 2020 - Bergen og Hordaland turlag		2017/900
ST 14/17	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - utbetring av sel på Bødalsseter - Kolbeinsselet 77/1		2017/970
ST 15/17	Eventuelt		

Omvisning før styremøtet:

Ny dagleg leiar på Jostedalsbreen nasjonalparksenter, Mari Jacobsen, fortalte styret om planar og prosjekt framover på senteret. Nasjonalparksenteret ønskjer å spisse formidlinga si meir mot skred og ras, og har fått god geologisk kompetanse med seg på laget. Senteret vil begynne å ta inngangspengar og auke kvaliteten på utstillingane. Dei har fått midlar til å rehabiliterare den botaniske hagen, og vil auke utstillingsarealet. Senteret vil vise den nye nasjonalparkfilmen i utstillinga, og ønskjer å lage ein lengre film til kinosalen med råmaterialet frå nasjonalparkfilmen som er i arbeid no. Suvenirsalet vil bli dempa noko ned, og også fokuset på middagsservering. I mai begynner også ein tilsett til, ein sals- og marknadsansvarleg på senteret. Dei har god tru på sommarsesongen og formidlinga av nasjonalparken!

## **ST 8/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.04.2017**

#### **Handsaming i møte**

Ingen merknadar til innkalling og dagsorden.

## **ST 9/17 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.04.2017**

#### **Handsaming i møte**

Sven Flo føreslo Einar Målsnes til å underskrive protokollen i lag med nestleiar. Styreleiar Ivar Kvalen var forhindra i å møte, og nestleiar Sven Flo leia møtet.

#### **Vedtak**

Einar Målsnes vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet i lag med nestleiar i styret.

Samrøystes vedteke.

## **ST 10/17 Orienterings- og drøftingssakar**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.04.2017**

#### **Orienterings- og drøftingssakar:**

**1. Framdrift i kunnskapsinnhentinga for besøksstrategien. Budsjett for brukarundersøkinga.**

Vi planlegg å setje opp 21 kassar med spørjeskjema rundt nasjonalparken denne feltsesongen, fordelt på 18 stadar (ev inne på tre hytter i tillegg). Forvaltar sender over budsjett til Miljødirektoratet på totalt kr 365 000,- for arbeidet, inkludert oppsetting, nye kassar, trykking, punching av data, etterundersøking og rapport. Styret understreka at kassene der folk skal opne og fylle ut skjema må sjå inviterande ut. Når kassene er klare til oppsetting vil media få pressemelding med bilete av t.d. styremedlem frå den aktuelle kommunen, m. fl. Det er viktig med høg lokal deltaking i spørjeundersøkinga.

**2. Saka om det endra taket på selet på Bødalsseter. Oppfølginga frå Miljødirektoratet.**

Forvaltar orienterte om prosessen fram til no, og understreka at styresak nr 14/17 ikkje gjeld taket. Styret sa at dersom tiltakshavar fjernar utstikket ila mai, så vil ikkje styret krevje retting. Forvaltar følgjer opp saka.

**3. Om vinterstenging av Skålatårnet, dialog med Bergen og Hordaland turlag.**

Etter at byggjeløyvet til nye Skålabu vart gitt i november 2015 har vilkår nr. 4 om ein plan for vinterstenging av tårnet ikkje vore oppfylt. Etter purring kom også

dette som eit oppslag i Fjordingen. Under møte mellom forvaltar og Bergen og Hordaland turlag den 20. april 2017, blei den muntlege avtalen at turlaget sender ein plan til nasjonalparkstyret om låsing av vedommen på Skålatårnet i den kalde årstida. Omnen kan nyttast til vedfyring mellom 20. juni (starten av skuleferien) og ut august, då det ikkje er stor fare for frysing og øydelegging i dei tjukke murane på tårnet. Nasjonalparkstyret godkjente denne planen frå turlaget, og forventar at den kjem skriftleg ila kort tid. Styret forventar også at omnen blir låst snarast, jf. avtalen grunna auka bruk utover vårskisesongen.

#### **4. Helikopterflyging - brot på vilkår i løyve.**

Nasjonalparkstyret fekk orientering om at Bergen og Hordaland turlag har brote fleire vilkår i løyve til helikopterferdsel. Dette gjeld flyging utanom gitt løyveperiode i 2015, flyging av fleire tal turar enn løyvd, samt gjentekne årlege purringar av flygerapportar etter avslutta sommarsesong. Nasjonalparkstyret signaliserte at dei forventar at ein så stor og profesjonell aktør som BHT, med lang fartstid i verneområdet, hadde betre innsikt og styring enn dette. Styret bad forvaltar formidle dette til turlaget.

#### **5. Høyring om traktorskogsveg på Tjugen, Loen.**

Det skal byggast ein traktorskogsveg i det nedste området av Skålastien. Det aktuelle området er utanfor nasjonalparkgrensa. Både nasjonalparkstyret, Skålastilaget, m.fl. er høyringspartar. Nasjonalparkstyret hadde ikkje konkrete høyringsinnspel anna enn at tiltaket må ta omsyn til stien og turgåarane i anleggsperioden.

#### **6. Skålastien som kandidat til Nasjonale turiststiar.**

Skålastilaget søkte midlar frå ordninga som Stortinget lyste ut i vinter. Det var berre tre stiar som fekk tilsagn om midlar, men den store interessa for ordninga bør sørge for vidareføring og nye utlysingsrundar.

#### **7. Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) kjem til nasjonalparken i august for å kartlegge naturtyper og sårbarheit.**

Sunndalen og Austerdalen/Langedalen er valt ut til kartlegging frå NINA sine tre forskarar som kjem til nasjonalparken i begynninga av september. Både vegetasjon, fauna og ferdsel skal under lupen ila tre dagar. SNO og forvaltar blir med i felt.

#### **8. Status for gjennomføringa av styret sine prioriterte tiltak for sesongen 2017.**

- Driftevegprosjektet i Erdalen er under oppfølging, og grunneigarane m/forvaltar var på ein oppklarande synfaring i snøen før påske. Beitelaget leiger inn Ole Runar Aabrekk frå Utmarksressurs as til å være arbeidsleiar på prosjektet. SNO v/ Rune Holen skal gjere mykje av gravearbeidet, noko som kan frigjere midlar til meir sherpaarbeid lenger inn mot Storesætra.
- Styret drøfta korleis ein kan lage ein kartlegging av gran innanfor budsjettet, noko som har vist seg å være litt knapt. Styremedlem Oddmund Klakegg foreslo å spørje verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik frå Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde om assistanse og ev byte av tenester.
- Det har komme førespurnad frå ein grunneigar om å dekke ei ubetalt rekning på om lag 15 000,- for hogst av gran i Sunndalen. Grana vart hogd i 2015 og 2016. Jf. bilete frå SNO er det ikkje rydda opp etter hogsten, og heile tre ligg overende, ukappa, langs stien til Sunndalen. Nasjonalparkstyret reagerte på

at det var hogget utan å ha klarert dette med forvaltar, utan budsjett til arbeidet, og utan ein plan for rydding etter hogsten. Styret vil ikkje betale for dette arbeidet, men vil krevje at det vert rydda langs stien. Dersom dette ikkje vert gjort vil styret krevje retting, jf. naturmangfaldlova. Nasjonalparkstyret meiner at grunneigar har ansvar for dette.

- Utgifter til nye løveskilt og stenger kan takast innanfor budsjettet, men viss det manglar midlar, må forvaltar be om fleire midlar i nye tildelingsrunder etter sommaren. Det same gjeld dersom det blir for lite midlar til brukerundersøkinga.
- Dei andre tiltaka på planen er enno ikkje sett i gong grunna vinteren.

#### **9. Samling av nasjonalparksentra rundt breen til erfaringsutveksling.**

Sekretariatet har teke initiativ til å samle dei tre nasjonalparksentra til ein hyttetur i mai, slik at dei kan utveksle erfaringar og bli betre kjent. SNO og forvaltar er også med, og vi legg også opp til drøftingar kring besøksstrategien, noko som sentra i høgste grad bør være involvert i. Det hadde vore fint om sentra, i lag med SNO og forvaltar, kan ha ein årleg samling.

#### **10. SNO v/ Anne Rudsengen tar oss med langs stiene og dei viktigaste innfallsportane i nasjonalparken.**

Anne Rudsengen viste med bilete og skildringar alle dei viktigaste stadane å entre nasjonalparken. Styret bidrog også med ny informasjon.

# ST 11/17 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til motorisert ferdsle og varsam oppgradering av driftevegen til Storesetra - Erdalen beitelag

## Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.04.2017

### Handsaming i møte

Ingen merknadar. Samrøystes vedteke.

### Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev løyve, jf. verneforskrifta for nasjonalparken kap. IV, punkt 1.3, 1. strekpunkt, Erdalen beitelag v/ Joar Tjellaug for restaurering/oppgradering av driftevegen frå nasjonalparkgrensa og inn mot Storesetra i Erdalen, Stryn kommune. Arbeidet skal følgje rapporten frå Utmarksressurs 2016 *Restaurering av drifteveg mot Storesetra i Erdalen, Jostedalsbreen nasjonalpark*, samt referat frå møte på rådhuset i Stryn den 22. februar og referat frå synfaring i felt den 6. april 2017 med beitelaget.

Innanfor nasjonalparkgrensa inkluderer oppgraderinga av driftevegen oppmuring av stadeigen stein for å utvide breidda på driftevegen forbi Hesthamaren, påfylling av grus med spalter og stikkrenner på vanskelege punkt, samt restaurering av den eksisterande muringa/steinlegginga der vegen/råsa har sklidd ut eller ikkje er tilfredsstillande jf. planen.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev også løyve, jf. verneforskrifta punkt 4.3, 2. strekpunkt, til motorisert ferdsle med helikopter, elgtrekk, liten traktor og/eller liten gravemaskin med gummibelte med det føremål å frakte stein eller grus, samt i arbeid for å jamne til dei krevjande delane av driftevegen der kyrne ikkje kjem seg fram.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Det skal ikkje nyttast motorisert ferdsle meir enn absolutt naudsynt, og det skal takast omsyn til friluftsliv og dyreliv.
2. Motorferdsla skal i utgangspunktet ikkje gjennomførast på helgedagar, offentlege fridagar eller på heilagdagar av omsynet til friluftslivet.
3. Helikoptertransport av grus/stein er avgrensa til maks 50 landingar. Dersom det blir naudsynt å utvide tal turar utover i prosjektet, får forvaltar delegert dette myndet frå nasjonalparkstyret.
4. Løyvet gjeld i utgangspunktet i juli, august, september og oktober 2017.

Løyve til motorisert ferdsle må også innhentast frå Stryn kommune og frå grunneigarane.

## **ST 12/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - helikopterløyve og vidareføring av eksisterande snømålar i Oldedalen - Statens vegvesen**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.04.2017**

#### **Handsaming i møte**

Tilleggsforslag frå Marius Dalin: *Vi anmoder om at ein vurderer om ein kan nytte t.d. ein tindeveglear dersom dette ikkje er til hinder for føremålet.*

Forslaget falt med ein stemme (Marius Dalin) mot fire stemmer.

#### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i verneforskrifta kapittel IV, punkt 4.3, 3. ledd, til Statens vegvesen v/ Arnstein Ommedal/ Jens Tveit, for flyging med helikopter i samband med tilsyn og seinare nedtaking av snømålaren ved Ramnefjellbreen i Oldedalen, på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld inntil ein (1) helikoptertur pr. år fram til og med 2019, og det skal takast omsyn til fugleliv og ev friluftsliv i området.
2. Løyvet til å fly helikopter er mellom 1. juli og 1. mars.
3. Sekretariatet (93 66 42 56) eller Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (959 63 888) skal få melding seinast dagen før planlagt flyging.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.3, 1. ledd, til Statens vegvesen v/ Arnstein Ommedal/Jens Tveit, til utviding av perioden for snømålaren i fjellsida over Sandnes i Oldedalen, nedanfor Ramnefjellbreen, på følgjande vilkår:

1. Snømålaren skal fjernast når den ikkje lenger er i aktiv bruk, seinast 1. september 2019.
2. Det skal ikkje ligge att søppel og skrot etter arbeidet.

Etter at masta er teke ned i 2019 skal kortfatta rapport sendast nasjonalparksekretariatet.

Statens vegvesen har ansvar for å ta kontakt med grunneigar og Stryn kommune i samband med forlenginga av installasjonen, samt løyve til motorferdsel.

## **ST 13/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til landing med helikopter ved Skålabu 2017 - 2020 - Bergen og Hordaland turlag**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.04.2017**

#### **Handsaming i møte**

Nasjonalparkstyret diskuterte om dei skulle utvide flygeperioden utover hausten, slik at turlaget ev kunne fly etter sesongen for å etterfylle ved eller ta ned toalettavfall. Einar Målsnes og Sven Flo meinte at turlaget burde få innvilga det dei hadde søkt om (6 turar ila mai, juni, juli), og ikkje utvide løyvet utan at turlaget hadde søkt om dette. Jarle Aarvoll sa at styret måtte forvente at Bergen og Hordaland turlag oppfylte alle vilkåra

denne perioden. Dersom det blir trong for å endre på rammeløyvet, må det takast opp som eiga sak til styret. Fleirårige løyve er ikkje delegert til sekretariatet.

Samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev Bergen og Hordaland turlag løyve til lågtflyging og helikopterlanding ved Skålabu, med heimel i verneforskrifta kap. IV, pkt. 4.3, 2. strekpunkt, på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld inntil seks landingar/dropp med helikopter ved Skålabu, traseen skal følgje kortaste veg via Breng i Lodalen til Skålabu.
2. Løyvet gjeld for perioden 1. mai til 31. juli kvart av åra 2017 - 2020, utanom laurdagar, sundagar, heilagdaggar og offentlege fridagar.
3. Løyvet gjeld for transport av ved, gass, proviant og anna naudsynt utstyr for drift av hytta. Dersom det trengs folk til å ta i mot underhengande last frå helikopteret, må disse ev flygast opp innan den same ramma på seks turar.
4. Helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, og være mest mogeleg konsentrert i tid. Om mogeleg, bør flyginga gå føre seg tidleg på føremiddagen eller seint på ettermiddagen.
5. Helikoptertransporten bør kombinerast med anna transport til Skåla (t.d. Skåla Opp).
6. Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området.
7. Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (mob: 95963888) eller nasjonalparkforvaltaren (mob: 93664256) skal varslast seinast dagen før planlagt flyging.
8. Løyve til helikoptertransport skal takast med under transporten.
9. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.november kvart år løyvet gjeld om gjennomført helikoptertransport. Rapporten skal skildre tal hiv, dato, kva som vart transportert og ev andre observasjonar.

Vi gjer merksam på at de i tillegg til dette løyvet må ha løyve til motorisert ferdsel frå Stryn kommune, samt grunneigar.

## **ST 14/17 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - utbetring av sel på Bødalsseter - Kolbeinsselet 77/1**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.04.2017**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltar understreka at i framlegg til vedtak hadde søkjar fått delvis løyve til det han hadde søkt om. Nasjonalparkstyret sa at dersom takutsticket ikkje er fjerna innan utongen av mai, skal sekretariatet setje i gong sak om retting, jf. naturmangfoldlova.

Samrøystes vedteke.



## Vedtak

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette løyve til Tom Erik Beinnes Aldeholm for utbetring av Kolbeinselet G/bnr 77/1 på Bødalsetra i Stryn kommune. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Kledninga kan skiftast ut med nye, dobbeltfalsa bord, jf. søknaden, og få ein farge lik dei andre mørke/brune sela på setra.
- Oppattbygging av pipe på same plass og med tilsvarende utsjånad som den gamle pipa, jf. søknaden.
- Utbyting av eksisterande vindauge med nye vindauge med gjennomgåande sprosser, i identisk storleik og plassering som dei to gamle vindauga.
- Dette løyvet gjeld til og med år 2018. Rapport og bilete, samt køyrebok, vert sendt nasjonalparkstyret ved avslutta prosjekt.
- Alt avfall skal fraktast ut av nasjonalparken. Reint, ubehandla trevirke kan brennast i omnen på selet. Material skal lagrast forsvarleg, og det som ikkje vert brukt skal fraktast ut att av nasjonalparken.

I medhald av verneforskrifta punkt 4.3 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til motorferdsel til Bødalseter på følgjande vilkår:

- Inntil 10 turar med traktor eller ATV med hengar med det føremål å frakte material, verktøy og utstyr i samband med byggeprosjektet, og til frakt av avfall ut att.
- Den motoriserte ferdsla skal følgje køyresporet fram til der køyresporet stoppar før setervollen, og det skal ikkje køyrast på dagar med mykje nedbør eller blaut mark.
- Køyringa skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagane og på offentlege feriedagar grunna omsynet til friluftslivet.
- Køyringa kan gjerne kombinerast med andre transportoppdrag til Bødalsetra som gjeld frakt av material, utstyr, proviant inn til setra, søppel ut frå setra, eller liknande, men skal halde seg til det løyvde talet turar.
- Dagen før planlagt køyring skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller forvaltar varslast pr. SMS eller telefon.
- Løyveinnehavar må ta med seg løyvet under ferdsla i tilfelle kontroll, og må føre køyrebok.
- Motorferdsleløyvet gjeld like lenge som byggjeløyvet.

Nasjonalparkstyret gjev *ikkje* løyve til eit nytt vindauge på vestsida av inngangsdøra, eller andre ikkje-omsøkte endringar på selet, samanlikna med slik selet var på vernetidspunktet.

Søklar må også innhente løyve til motorferdsle frå Stryn kommune og frå grunneigar.

## ST 15/17 Eventuelt

### Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.04.2017

Neste styremøte er 19.-20 juni i Jostedalen. Meir informasjon og påmelding kjem snart.

